



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anne Lise Næs	47679967	2023/206-43	«REF»	01.11.2023

Planprogram på høyring Detaljregulering for Fv 49 Nordrepollen - Austrepollen, PlanID 20230001

Plan-, teknikk- og miljøutvalet i Kvinnherad vedtok 24.10.2023 å sende planprogram for Fv. 49 Nordrepollen – Austrepollen på høyring.

I medhald av plan- og bygningslova (pbl) [§ 12-9](#), vert planprogram datert 22.09.2023, difor sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Dette i samband med detaljregulering for Fv 49 Nordrepollen - Austrepollen, PlanID 20230001.

Sjå vedlagt saksprotokoll.

Det vart 21.02.2023 meldt oppstart av planarbeidet for PlanID 20230001. Plangrense er no justert noko i samband med planprogrammet.

Forslagsstillar og plankonsulent

Forslagsstillar er Vestland fylkeskommune, som har knytt til seg Rambøll i arbeidet med planprogrammet.


Føremålet med planen

Planarbeidet gjeld ny vegtrasé for fv. 49 mellom Nordrepollen og Austrepollen. Planprogrammet, som byggjer på forprosjekt utarbeidd av Norconsult, føreslår å gjennomføre konsekvensutgreiing for fleire aktuelle alternativ for å auka kunnskapen om desse. Etter at utgreiingsarbeidet er slutført, utarbeidast planforslag for alternativet som etter ei samla vurdering vert plukka ut.

Norconsult har vurdert 3 ulike tunellpåhogg ved Nordrepollen og sju ulike tunellpåhogg ved Austrepollen, sjå kart under. Det beste påhogget i Nordrepollen er vurdert til å vere påhogg B, medan i Austrepollen er aktuelle påhogg J, E og F. Norconsult tilrår nærare grunnundersøkingar som kan gje betre grunnlag for endeleg val av trase.

Samstundes med dette arbeidet så er det gjennomført eit arbeid med konseptvalutgreiing (KVU) for E134 arm til Bergen. Arbeidet er no avslutta og rapporten med Statens vegvesen si tilråding er sendt til Samferdselsdepartementet. Rapporten skal gjennom ekstern kvalitetssikring (KS1) og ut på høyring, før avgjerse om konsept. Statens vegvesen har så langt vurdert konsept 1, der strekninga fv 49 Nordrepollen – Austrepollen er ein del av dette alternativet.

Kartet under viser alternativa som Norconsult utgreidde i forprosjekt i 2018:



Planområdet

Planområdet ligg mellom Nordrepollen og Austrepollen, nord i Kvinnherad kommune.

Planområdet er i samband med planprogram, utvida med om lag 1000 daa mot aust i Austrepollen. Dette då det etter varsel om oppstart i februar, er avklart at også alternativ J skal greiast ut.

Forslag til planområde dekkjer no eit samla areal på 6933 daa, sjå kartutsnitt og svart strek under:

Langs fjorden og eit stykke opp forbi eksisterande fv. 49, gjeld omsynssone for bevaring naturmiljø. Det er òg markert faresone for høgspant i område, og flaumsone i dei utbygde områda både i Nordrepollen og Austrepollen.

Langs eksisterande fv. 49 gjeld omsynssone om at reguleringsplan framleis skal gjelde. Ei slik sone gjeld òg for eit område i Nordrepollen.

Reguleringsplanar

Det er 3 gjeldande reguleringsplanar innafor planområdet:

- Reguleringsplan - Fv 49 - Ænes-Austrepollen, PlanID 19950002
- Reguleringsplan - FV 49 - Austrepollen – tunnelpåslag, PlanID 19950003
- Reguleringsplan - Jondalstunnelen-Austrepollen-Nordrepollen – Kvinnherad, PlanID 20050001

Informasjon og medverknad

Frist for å kome med merknad til planprogrammet er sett til 18.12.2023.

Merknadar til planprogrammet skal sendast som e-post til post@kvinnherad.kommune.no, eller som brev til; Kvinnherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 ROSENDAL

Planprogrammet og vedtak finn ein i planregisteret til kommunen [her](#).

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Anne Lise Næs
Planleggjar off. planforslag

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.